



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår referanse
25/22 25/8073

Din referanse
202503336-2

Sakshandsamar
Rune Sjurgard

Dato
14.05.2025

Svar - Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for å bygge Nye Tussa kraftverk

Vi syner til skriv til kommunen av 10.03.25. Vi merker oss at etter NVE si vurdering er at saka ikkje er så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. NVE skal i samband med kraftutbyggingstiltak gjere vurderingar og ta stilling til om det utløyser konsesjonsplikt. Tussa sitt kraftverk på Bjørke er over 60 år gammalt og står overfor omfattande vedlikehaldsarbeid i tida framover. Tussa Energi AS ynskjer derfor å oppgradere eksisterande Tussa kraftverk ved å bygge eit nytt kraftverk (Nye Tussa kraftverk). Tiltaket vil auke installert effekt frå dagens 56 MW til 150 MW. Det er planlagt å halde eksisterande kraftverk i drift inntil vidare. Ifølgje søkjær vil ikkje det nye kraftverket gi endringar i vassføringar i elvestrengar, men start-stopp-køyring kan gi ein endring i magasinfallsmønsteret i Tyssevatnet. Høgaste og lågaste regulerte vasstand i vatnet vil ikkje verte endra.

Førespurnaden skal behandlast etter vassdragsreguleringslova § 4 og vurderast etter § 3 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassdragsreguleringslova.

Effektoppgradering inneber betre utnytting av vassressursane for å produsere straum. Slukeevne vil vere større enn på dagens kraftverk. Betre slukeevne kan påverke vassdraget ved at mindre vatn går som overløp til den om lag 4,5 km lange elva Tussa.

Tussa Energi skriv i sin førespurnad til NVE m.a: «*Tyssevassdraget er svært godt eigna til etablering av effektkraftverk, med kort elvestrekning med høgt fall som gjer det mogleg å bygge eit kompakt og kostnadseffektivt effektkraftverk. Det er også fordelaktig at det er kort avstand (om lag 20 km) frå kraftverket på Bjørke til Statnett sin 420 kV transformatorstasjon i Ørsta. Planane fell saman med Linja AS sine planar (nærståande konsesjonssøknad) om ny 132 kV linje på denne strekninga. I dag går der to 65 år gamle 66 kV linjer som er modne for utskifting.*»

Overskot av tunnelmasse er planlagt frakta frå kaia ved Bjørke og vidare med båt eller lekter for sak/samfunnssnyttig bruk. Når det gjeld brukarinteressene skriv Tussa Energi:

«Brukarinteressene i området er hovudsakeleg knytt til landskap og friluftsliv. Det er fleire turstiar i området rundt Bjørke, og det går sti til DNT-hytta Tyssenaustet som ligg ved Tyssevatnet. Hjørundfjorden er representativt for fjord- og dallandskapa rundt Sunnmøre, og Bjørke er del av Hjørundfjorden som utvalt kulturlandskap. Tiltaksområdet er kartlagt etter NiN i samsvar med Miljødirektoratet sine instruksar. Ved Flotane blei det registrert eit område med flaumskogsmark, og nedstraums dam Tyssevatn blei det registrert ein liten lokalitet med kalkfattig fjellhei, leside og tundra som bør takast omsyn til i den vidare planlegginga av prosjektet. Utover dette er det ikkje registrert raudlista artar eller trua, sjeldne eller viktige naturtypar i tiltaksområdet. Det er registrert fleire førekomstar av framande artar i tiltaksområdet som bør takast omsyn til ved ei utbygging. Naturinngrepa knytt til tiltaket vil være lokale og dei permanente inngrepa vil vere avgrensa, men det vil bli noko midlertidige inngrep, støy og transportaktivitetar i tilknyting til anleggsarbeid og massetransport.»

Tussa energi skriv at det er i dag svært lite overløp over Dam Tyssevatn. Overløp skjer vanlegvis ein gang kvart 3. eller 4. år. Statsforvaltaren skriv i si høyringsuttale at endringa derfor vil vere liten for Tusseelva. Statsforvaltaren peikar vidare på at Tusseelva er ei anadrom elv på litt over 1600 m opp til nedre del av Tyssefossen. Elva har eit nedbørsfelt på 32 km², og naturleg middelsvassføring på 3,3 m³/s. Samla er 82 % av nedbørsfeltet før til Tussa kraftverk, som har utløp aust for Tusseelva. Statsforvaltaren konkluderer med at det ikkje er krav til minstevassføring i elva og elva er sett å vere ein sterkt modifisert vassførekommst jf. Vassforskrifta.

Ut frå kommunen si faglege vurdering er utbyggingsplanane til Tussa Energi mindre omfattande og kan gjennomførast innanfor gjeldande konsesjon utan krav om ny konsesjon.

Utbyggingsområdet vart grensejustert frå Ørsta kommune til Volda kommune i 2020. I forhold til arealplan er det Ørsta kommune sin kommuneplan (arealdel) som gjeld. Denne planen er sist godkjent 16.12.91.

Heile utbyggingsområdet er innanfor LNF, sone C med tilhøyrande planbestemmelser:

«Innafor desse områda kan det berre gjevast løyve til bygging og frådeling i samband med tradisjonell stadbunden næring som har direkte tilknytning til landbruket.

Oppføring av fritidshus kan tillatast men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormynde ikkje har merknader.

Nokre av dei registrerte viltområda i høve viltregisteret til fylkeskommunen ligg i denne sona. Det vert synt til temakart nr 8.»

Volda kommune Stormyra 2 6100 Volda	www.volda.kommune.no postmottak@volda.kommune.no	Sentralbord: 70 05 87 00 Org. nr: 939 760 946 Kontonr: 3991.07.81727
-------------------------------------------	-----------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------

Denne planen er av eldre dato og er ikkje revidert i takt med samfunnsutviklinga og krava til rullering etter plan- og bygningslova. I planstrategien til Volda kommune er det vedteke å revidere kommuneplanen sin arealdel for heile kommunen, slik at vi også får med Bjørke og Hornindal i ein samla plan. Planoppstart vil vere i 2026. NVE bør vurdere om dispensasjon frå Ørsta kommune sin kommuneplan frå 1991 er tilstrekkeleg, eller om det bør utarbeidast ein reguleringsplan for utbyggingsområdet. Fagleg sett vert det vurdert at det bør utarbeidast reguleringsplan. I ein slik planprosess vil også relevante tema som NVE tek opp i høyringa også verte utgreidd og vurdert. Dersom utbygginga kjem inn under NVE sitt eige planregime, føreset kommunen at NVE sjølv vurderer desse forholda, også om det skal utarbeidast eigen reguleringsplan.

Ved ei kutyme vart svarfristen frå NVE oversett, og vi ber om at NVE tek omsyn til kommunen sin uttale. Høyringsuttalen er sendt både som brev og e-post.

Med helsing

Rune Sjurgard
kommunedirektør

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikke signatur.

Kopi:

Volda formannskap

Volda kommunestyre